

**Lindås kommune**  
**Seksjon for plan**  
**v/ Christian H. Reinshol**

**Telefon**  
+47 56 57 00 70  
**Fax**  
+47 56 57 00 71  
**E-postadresse**  
post@abo-ark.no  
**Webadresse**  
www.abo-ark.no  
**Postadresse**  
Postboks 291, 5203 Os  
**Besøksadresse**  
Hamnevegen 53, 5200 Os

Os, den 13.5.2015

## **Fonnebostvegen, Gnr. 108, bnr. 161.**

### **Søknad om oppstart av privat planarbeid.**

På vegne av Lindås Tomteselskap AS som er eigar av gnr. 108, bnr. 161, vert det med dette søkt om oppstart av privat planarbeid utan KU. Arbeidet ser vi for oss vil omfatte eit ca. 3,5 dekar stort areal slik dette går fram av kartskissa som ligg ved. Syner òg til oppstartsmøte 28.4.2015 med Lindås kommune.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av konsentrerte småhusbustader.

Området er i gjeldande kommuneplan disponert til LNF-føremål, men er ein del av eksisterande reguleringsplan for Kolås 3. Området er regulert til bustad, leik og friområde. Bustadane vil i hovudsak ligge innanfor område regulert til bustad, men vil føre til ein reduksjon av område regulert til leik på ca. 750 m<sup>2</sup>.

Planforslaget vil legge til rette for bustadtilbod for husstander i etableringsfasen og andre som har ei tilsvarande utfordring med å komme seg inn på bustadmarknaden. Innanfor planområdet er det planlagt 4 bustadeiningar på ca. 100 m<sup>2</sup> per buening og parkeringsplassar.

Tilrettelegging av gode leikeareal for bebuarane og naboane rundt vil vere viktig. Sidan noko av bustadområdet vil kome inn på det regulerde leikearealet ser ein for seg ei mogeleg omdisponering av areala innanfor planområdet.

Vedlagt fylgjer:

- Situasjonsplanskisse datert
- planomriss
- sosifil

Med venleg helsing  
**ABO Plan & Arkitektur**

Arne Kristian Kolstad  
Kopi: Lindås Tomteselskap AS